

## Kvinesdal 2040 – Gjestebod

Gruppe på 12 medlemmer. Menn med allsidig erfaring mellom 65 og 85 år.

1. Gjerast meir for å få fram aktiviteten ved Kvinesdal hamn, Kleven. Hamna er sentralt plassert i Lister. Ligg nær nåverande og framtidig E-39. Har tatt mot store element til Sira-Kvina, Ertsmyra, Nesjen. I tillegg stor trafikk med Regefjordgrus, landbrukskalk og overraskande stor eksport av tømmer. Må arbeidast for som den sentrale godsterminalen for Lister, alternativt størst mulig aktivitet.
2. Utnytta spillvarmen frå Eramet t.d. til å tørka flis. Laga eit opplegg for meir bruk av flis.
3. På Øyesletta ligg det ferdig vatningsanlegg. Viktig med tanke på omlegging til meir dyrking av grønnsaker, frukt og bær, eventuelt mais og andre kornslag. Her kan og spillvarmen frå Eramet koma inn.
4. I Fjotland sokn ligg det ein så godt som gløymd skatt. Det eksisterer ennå minst 70-80 km med gamle kyrkjevegar til og frå Fjotland kyrkje. Dei gror til etter kvart og det er vår generasjon som må ta ansvar for å bevare dei. Sett i samanheng med kyrkja, museet og den innregulerte kyrkjeparken kan dette bli eit anlegg av nasjonal dimensjon. Det vil ha ein viss næringsinteresse og vera verdifull for kultur, kyrkje, skule, idrett og helse.
5. Legga betre til rette for grunderverksemd. Lokale der folk kunne leiga seg inn. Er Kasins lokale på Åmot interessante? Kan dei vera av interesse for eit evtl. Vitensenter?
6. Fullverdig vidaregåande skule med linje for havbruk t.d.
7. Gjera kommunen meir tiltrekkande som bukommune. Organisera utleigeboligar i eit offentlig – privat samarbeid.
8. Kommunen har fleire gode museum, mye basert på idealisme. For å sikra vidare utvikling og stabil drift må fylkeskommunen inn i bildet. Oppgradera musea til fylkeskommunale institusjonar?
9. Betre samarbeid i Lister. Må tenkja utvikling i Lister og ikkje bare i eigen kommune. Trass i optimistiske ord og fine oppslag i pressen er Lister ein region i stagnasjon. Befolkningsutviklingsutviklinga må vurderast for heile regionen samla meir enn det som har vore vanlig.
10. Elevtallet i barneskulen er i tilbakegang. For å sikra desentraliserte skular må det tenkjast nytt m.a. om kretsgrenser.
11. FN sine berekraftsmål er viktige, vil særleg halda fram betre helse og betre likestilling.